

HALVÅRSRAPPORT

2018

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS



Halvårsrapport 2018

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) oppnådde eit resultat etter skatt i første halvår i 2018 på 92 mill. kr. Resultatet er 8 mill. kr svakare enn for 1. halvår i fjor. Kraftprisen i NO3 i 1. halvår var 37,6 øre/kWh, ein auke frå 27,2 øre/kWh 1. halvår i fjor.

Konsernet

Konsernet SFE består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei heileigde datterselskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS og SFE Nett AS. SFE Kraft AS som er eigd 66% av morselskapet og datterselskapa Svelgen Kraft Holding AS, Svelgen Kraft AS, Vestavind Energi AS, Lutelandet Energipark AS og Bremangerlandet Vindpark AS som er eigd 56% av SFE Produksjon AS inngår også som ein del av SFE-konsernet. Fossheim Energiverk AS, Innvik Kraftverk AS, Etrygg AS, Gloppe Energi AS, Falck Renewables Vind AS og Eninvest AS er tilknytta selskap til konsernet.

Eigarsamansettinga i Sogn og Fjordane Energi AS er slik:

| | |
|--------------------------------------|--------|
| Sogn og Fjordane Holding AS: | 49,6 % |
| BKK: | 36,8 % |
| 7 kommunar i Nordfjord og Sunnfjord: | 13,6 % |

Rekneskapen for SFE er avgjort etter IFRS-reglane.

1. halvår 2018

Rekneskapen for 1. halvår 2018 viser eit overskot for SFE-konsernet på 92 (100) mill. kr etter skatt. (Tal for 1. halvår 2017 i parentes).

Gjennomsnittleg kraftpris 1. halvår i NO3, var 37,6 øre/kWh. Til samanlikning var gjennomsnittleg pris 1. halvår i fjor 27,2 øre/kWh. Kraftproduksjonen 1. halvår var 937 GWh (993 GWh). Nettoinntekta frå sal av kraft er auka med 64 mill. kr samanlikna med fjoråret. Urealiserte verdiendringar på kraftkontraktar reduserer imidlertid inntektene med 88 mill. kr samanlikna med 2017. I fjor vart det inntektsført urealiserte gevinstar på kraftkontrakter på 11 mill. kr medan det i 1. halvår i 2018 er kostnadsført 77 mill. kr i urealiserte tap. SFE prissikrar delar av framtidig kraftproduksjon i den finansielle marknaden. Kraftprisen i denne marknaden har det siste halvåret auka relativt mykje. Dette gir urealiserte tap på finansielle prissikringskontraktar når desse vert vurdert til marknadspris fordi ein i dag kunne seldt desse kontraktene til høgare pris.

Driftsresultatet frå området er 142 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 11 mill kr frå i fjor. Hovudgrunnen til dette er negativ urealisert verdiutvikling på finansielle kraftkontrakter med 88 mill. kr.

Transportert mengde i nettet var 395 GWh, dette er ein auke på 3,9% frå 381 GWh i fjor. SFE Kraft har levert 496 GWh til kundar i sluttbrukarmarknaden. Dette er ein auke på 65 GWh samanlikna med i fjor. Sunnfjord Energi AS sin sluttbrukaraktivitet vart fusjonert inn i SFE Kraft 01.01.2018. Dette har gitt ein auke i volum på ca 100 GWh i første halvår. Redusert volum til større næringslivskundar på ca 35 GWh forklarar mykje av den øvrige volumendringa. Konkuransen i sluttbrukarmarknaden er svært stor og marginane er pressa, men innfusjoneringa av Sunnfjord Energi si sluttbrukarverksemder gir eit godt grunnlag for vidare vekst og utvikling av lønsemda i segmentet.

Nettverksemda har eit driftsresultat 1. halvår på 82 mill. kr. Dette er ein auke på 21 mill. kr frå 2017 då vi hadde eit driftsresultat på 61 mill. kr på området. Rekneskapsreglane etter IFRS seier at det er fakturert nettleige som skal inntektsførast og ikkje den årlege inntekta NVE fastset at nettselskap kan krevje inn frå sine kundar. SFE inntektsfører også anleggsbidrag i IFRS-rekneskapen i samsvar med IFRS-regelverket før implementering av IFRS 15, medan anleggsbidraget vert ført som reduksjon av nettinvesteringa etter norske rekneskapsreglar (NGAAP). Driftsresultatet målt etter NGAAP-reglene er 32 mill. kr.

SFE er involvert i fleire pågåande strukturprosessar. For å møte endringane i energisektoren og stå best rusta for framtida har SFE drøftingar om fusjon med Sunnfjord Energi. Denne prosessen tek noko tid mellom anna fordi Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt eigarskap i SFE gjennom det heileigde holdingselskapet Sogn og Fjordane Holding AS etter gjennomført regionsreform 01.01.2020 er uavklart. Truleg vert det først teke stilling til fusjonsplanane mellom Sunnfjord Energi AS og SFE etter at Sogn og Fjordane Holding AS sitt framtidige eigarskap i SFE er avklart. Ein rapport om mogleg omdanning av produksjonsverksemda i BKK og SFE og delar av Hydro til eit selskap med delt ansvar (DA) vart lagt fram 15. august 2017. I løpet av hausten vert det avklart om dette utgreiingsarbeid skal vidareførast.

Generalforsamlinga i SFE gjorde 26. juni 2017 vedtak om utsteding av teikningsrettar til eksisterande aksjonærar. Teikningsrettane kan nyttast fram til 2020, men berre i ein kort periode kvart år i etterkant av ordinær generalforsamling. I 2017 vart 60,1% av teikningsrettane nyttta. I samband med generalforsamling i 2018 vart ytterligare 1,3% av teikningsrettane nyttta. 38,5% av teikningsrettane er såleis unytta. Dersom desse vert fullt ut nyttta kan dette tilføre SFE inntil 164 mill. kr i ny eigenkapital. Formålet med emisjonen er å styrke selskapet i ein periode med store investeringar. Utbygging av

Østerbø kraftverk i Høyanger kommune har starta opp. Kraftverket vil ha ein total produksjonskapasitet på 165 GWh og vil ha ein utbyggingspris på 710 mill. kr. SFE eig 58% av prosjektet og BKK dei resterande 42%.

SFE si kjerneverksemr er produksjon av fornybar energi basert på vasskraft. Fornybar energi er ein av føresetnadane for eit bærekraftig samfunn. Med dette som utgongspunkt utstedte SFE i mai 2018 for første gong to grøne obligasjonslån på henholdsvis 200 mill. kr og 300 mill. kr for å refinansiere lån knytt til eksisterande vasskraftanlegg i tillegg til finansiering av ny fornybar kraftproduksjon og nye nettanlegg.

HMS

SFE har eit sjukefråvær på 3,48 % pr. 01.07.2018. Dette er høgare enn 1. halvår i fjor med 3,09%, og er litt i overkant av målsettinga om eit fråvær under 3,0%. SFE har planmessig gjennomgang av arbeidsmiljøet og siste periodiske kartlegging viser at vi har høg grad av trivsel og at arbeidsmiljøet blir oppfatta som godt. Tilsette oppfattar at arbeidsoppgåvene er både utviklende og engasjerande. Dette vert også stadfesta frå bedriftshelsetenesta si jamnlege kontakt med tilsette.

SFE er framleis i ein hektisk periode med stor aktivitet både innan rehabilitering og nybygging. Stor anleggsaktivitet kan gjere oss meir eksponert for skader. Og høg aktivitet kan og medføre høg arbeidsbelastning. SFE har gjennom HMS-prosjektet «like heil» fokus på heile mennesket med mål om at alle tilsette skal kome heim like heil - både utanpå og inni. Dette prosjektet er retta mot haldningar og åtferd i heile organisasjonen for å oppnå langsiktige resultat.

SFE sine skadetal har vore over snittet i bransjen over ein del år. Det har vore jobba målretta med HMS. I 2014 starta SFE eit eige HMS-prosjekt. Arbeidet har gjeve resultat og i 2016 hadde vi færre skadar og fråvær enn snittet i bransjen. Diverre var det ei auke i skadeomfanget i 2017. SFE held fram med den opphavlege målsettinga til bransjen, med 20% årleg reduksjon i skadetal fram mot 2020. For H2 (antal skadar med og utan fråvær siste 12 mnd pr 1 mill arbeidde timer) er måltalet 7,0, medan faktisk skadetal siste 12 månadar er 10,28. I inneverande år har vi berre ei skade utan fråvær, noko som tilsvara ein H2 verdi på 4,1. SFE har eit målretta HMS-arbeid og ein overordna null visjon for skadar.

Resultatrekneskap og kontantstraum

SFE hadde i 1. halvår driftsinntekter på 751 (651) mill. kr. Driftsresultatet vart 218 (214) mill. kr. Resultatet før skatt er 196 (189) mill. kr etter at netto finanskostnader på 22 (25) mill. kr er belasta resultatet. Resultatet etter skatt er på 92 (100) mill. kr. Det er i 1. halvår belasta 43 (44) mill. kr i overskotsskatt og 60 (45) mill. kr i grunnrenteskatt.

Den sterke auken i kraftprisen er hovudgrunnen til auken i grunnrenteskatt. Konsernet sin skattekostnad på 104 mill. kr er 53% av resultatet før skatt.

Driftsaktivitetar viser ein positiv kontantstraum på 88 (7) mill. kr. Det er investert 185 (159) mill kr i fysiske driftsmiddel i 1. halvår. SFE investerer årleg ca 150-200 mill. kr i forsterking og utviding av linenettet for å sikre leveringstryggleik og ny produksjon nettilgong.

Balanse

SFE sin totalbalanse 30.06.18 er på 6.947 mill. kr. Konsernet har omlaupsmidlar på 769 mill. kr og 6.178 mill. kr i anleggsmidlar.

Renteberande gjeld er 2.340 mill. kr, ein auke på 118 mill. kr frå 2.222 mill. kr for eit år sidan. Samstundes er likvidar i form av bankinnskot auka med 232 mill. kr.


Eigenkapitalen pr 30.06.18 er 2.842 mill. kr, det tilsvarer ein bokført eigenkapitalandel på 41%.

Framtidsutsikter

SFE reknar med å produsere noko mindre enn middelproduksjonen på 1.908 GWh på årsbasis. Utvikling i kraftpris vil ha mykje å bety for resultatet i 2. halvår. Den finansielle marknaden tilseier ein pris for 2. halvår som er noko høgare enn for 1. halvår. Vi ventar eit resultat for 2018 på om lag same nivå som resultat for 2017.

Styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Sandane, 30. august 2018



Per Aile Kjøllesdal
- styreleiar-




Ketil Konglevoll
- nestlediar-




Arvid Lillehaugen
-styrcmedlem-




Olin Johanne Henden
-styremedlem-



Anne Marit Steen
-styremedlem-



Jan Helge Dale
-styremedlem-




Kjartan Skår
- styremedlem-



Kjell Asle Bakkebø
-styremedlem-



Geir Magne Evebø
-styremedlem-



Johannes Rauboti
-konsernsjef-

RESULTATREKNESKAP – SOGN OG FJORDANE ENERGI, KONSERN

| (Beløp i 1000 kr) | 1. halvår 2018 | 1. halvår 2017 | Årsrekneskap 2017 |
|--|-------------------|-------------------|----------------------|
| Driftsinntekter: | | | |
| Sal av kraft | 571 572 | 427 375 | 861 481 |
| Verdiendringer energikontrakter | -77 080 | 10 807 | 16 558 |
| Sal av overføringstenester | 207 078 | 185 220 | 338 482 |
| Andre driftsinntekter | 48 950 | 27 928 | 70 709 |
| SUM DRIFTSINNTEKTER | 750 519 | 651 331 | 1 287 229 |
| Driftskostnader: | | | |
| Kjøp av kraft | 234 307 | 154 450 | 311 197 |
| Kjøp av overføringstenester | 30 595 | 31 255 | 56 173 |
| Løn og sosiale kostnader | 113 043 | 110 221 | 229 668 |
| Aktivering av eigne tilvirka driftsmiddel | -34 561 | -36 655 | -66 627 |
| Avskrivningar | 80 704 | 76 345 | 156 071 |
| Nedskrivningar | 0 | 600 | -2 410 |
| Eigedomsskatt/avgifter | 29 461 | 29 609 | 57 391 |
| Andre driftskostnader | 78 926 | 71 078 | 166 852 |
| SUM DRIFTSKOSTNADER | 532 474 | 436 903 | 908 316 |
| DRIFTSRESULTAT | 218 046 | 214 427 | 378 913 |
| Finansielle postar: | | | |
| Resultat frå investering i tilknytta selskap | 4 057 | 4 376 | 9 163 |
| Finansinntekter | 7 960 | 3 809 | 52 348 |
| Finanskostnader | 36 850 | 34 865 | 78 751 |
| Verdiendring derivater | -3 069 | -1 482 | -3 693 |
| NETTO FINANSKOSTNADER | 21 764 | 25 197 | 13 546 |
| RESULTAT FØR SKATT | 196 282 | 189 230 | 365 367 |
| Overskotsskatt | 43 290 | 44 398 | 69 263 |
| Grunnrenteskatt | 60 449 | 44 655 | 102 741 |
| RESULTAT ETTER SKATT | 92 542 | 100 177 | 193 363 |
| Av dette minoritetsandel | 6 126 | 8 131 | 25 372 |
| Av dette SFE sin andel | 86 416 | 92 046 | 167 991 |

UTVIDA RESULTAT – SOGN OG FJORDANE ENERGI, KONSERN

| | | | |
|---|----------------|---------------|----------------|
| Ordinært resultat etter skatt | 92 542 | 100 177 | 193 363 |
| Postar som seinare kan klassifiserast til resultat: | | | |
| Kontantstrømsikring rentebytteavtaler etter skatt | 1 569 | 893 | 1 998 |
| Kontantstrømsikring valutaterminkontrakter etter skatt | 22 194 | -20 808 | -35 093 |
| Postar som seinare ikkje kan reklassifiserast over resultat: | | | |
| Estimatavvik pensjoner etter skatt | 0 | 0 | -50 137 |
| SUM INNREKNA INNTEKTER OG KOSTNADER FOR PERIODEN | 116 306 | 80 262 | 110 132 |
| Av dette minoritetsandel | 7 168 | 6 745 | 23 917 |
| Av dette SFE sin andel | 109 139 | 73 517 | 86 215 |

BALANSE – SOGN OG FJORDANE ENERGI, KONSERN



| (Beløp i 1000 kr) | 30.06.18 | 30.06.17 | 31.12.17 |
|----------------------------------|------------------|------------------|------------------|
| EIGEDELAR | | | |
| Fallrett | 1 836 939 | 1 836 939 | 1 836 939 |
| Øvrige immaterielle eigendalar | 714 608 | 701 996 | 699 859 |
| Varige driftsmidlar | 3 288 629 | 3 016 290 | 3 144 073 |
| Anleggsmidlar holdt for sal | 14 596 | 14 596 | 14 596 |
| Investering i tilknytta selskap | 149 552 | 100 386 | 119 774 |
| Øvrige finansielle anleggsmidlar | 150 961 | 140 439 | 153 193 |
| Derivat | 22 725 | 17 022 | 14 625 |
| Anleggsmidlar | 6 178 010 | 5 827 668 | 5 983 058 |
| Varelager | 40 730 | 27 738 | 32 908 |
| Fordringar | 291 917 | 198 657 | 203 983 |
| Derivat | 17 450 | 8 326 | 12 912 |
| Kontanter og bankinnskot | 418 433 | 186 858 | 318 165 |
| Omlaupsmidlar | 768 530 | 421 579 | 567 969 |
| SUM EIGEDELAR | 6 946 540 | 6 249 247 | 6 551 027 |
| GJELD OG EIGENKAPITAL | | | |
| Innskoten eigenkapital | 1 051 331 | 799 199 | 1 009 767 |
| Opptent eigenkapital | 1 060 119 | 1 000 963 | 1 013 663 |
| Minoritetsinteresser | 730 506 | 706 166 | 723 338 |
| Eigenkapital | 2 841 956 | 2 506 328 | 2 746 767 |
| Pensjonsforplikting | 113 674 | 48 640 | 113 674 |
| Utsett skatt | 941 157 | 949 328 | 941 157 |
| Andre forpliktingar | 219 086 | 108 580 | 177 036 |
| Rentebærande langsiktig gjeld | 2 319 030 | 1 515 284 | 1 814 551 |
| Derivat | 32 926 | 30 763 | 41 695 |
| Langsiktig gjeld | 3 625 873 | 2 652 595 | 3 088 112 |
| Rentebærande kortsiktig gjeld | 20 571 | 706 600 | 306 600 |
| Betalbar skatt | 103 423 | 81 072 | 148 763 |
| Avsett utbytte | 62 681 | 77 141 | 0 |
| Anna rentefri gjeld | 217 956 | 210 883 | 247 110 |
| Derivat | 74 079 | 14 627 | 13 675 |
| Kortsiktig gjeld | 478 711 | 1 090 324 | 716 148 |
| SUM GJELD OG EIGENKAPITAL | 6 946 540 | 6 249 247 | 6 551 027 |

Sandane, 30. august 2018

Per Atle Kjøllsdal
-styreleiar-

Ketil Konglevoll
-nestleiar-

Olin Johanne Henden
-styremedlem-

Anne Marit Steen
-styremedlem-

Arvid Lillehaugen
-styremedlem-

Jan Helge Dale
-styremedlem-

Kjartan Skår
-styremedlem-

Kjell Asle Bakkebø
-styremedlem-

Geir Magne Enevåg
-styremedlem-

Johannes Raubø
-konsernsjef-

ENDRINGAR I EIGENKAPITAL – SOGN OG FJORDANE ENERGI, KONSERN

| (Beløp i 1000 kr) | Innskutt eigenkapital | Anna eigenkapital | Kontant-straum-sikring | Sum opptent eigenkapital | Minoritets-interesser | Sum eigenkapital |
|--|-----------------------|-------------------|------------------------|--------------------------|-----------------------|------------------|
| EIGENKAPITAL 01.01.2017 | 799 199 | 994 440 | 10 150 | 1 004 587 | 699 421 | 2 503 207 |
| Resultat 30.06 | | 92 046 | | 92 046 | 8 131 | 100 177 |
| Avsett utbytte for 2016 | | -77 141 | | -77 141 | | -77 141 |
| Kontantstraumsikring rentebytteavtaler | | | 893 | 893 | | 893 |
| Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter | | | -19 422 | -19 422 | -1 386 | -20 808 |
| EIGENKAPITAL 30.06.2017 | 799 199 | 1 009 345 | -8 379 | 1 000 963 | 706 166 | 2 506 328 |
| Årets resultat | | 167 991 | | 167 991 | 25 372 | 193 363 |
| Utbetalt utbytte for 2016 | | -77 141 | | -77 141 | | -77 141 |
| Emisjon | 210 568 | | | 0 | | 210 568 |
| Estimatavvik pensjoner | | -50 137 | | -50 137 | | -50 137 |
| Kontantstraumsikring rentebytteavtaler | | | 1 998 | 1 998 | | 1 998 |
| Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter | | | -33 638 | -33 638 | -1 455 | -35 093 |
| EIGENKAPITAL 31.12.2017 | 1 009 767 | 1 035 153 | -21 490 | 1 013 663 | 723 338 | 2 746 767 |
| Resultat 30.06 | | 86 416 | | 86 416 | 6 126 | 92 542 |
| Avsett utbytte for 2017 | | -62 681 | | -62 681 | | -62 681 |
| Emisjon | 41 564 | | | 0 | | 41 564 |
| Kontantstraumsikring rentebytteavtaler | | | 1 569 | 1 569 | | 1 569 |
| Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter | | | 21 152 | 21 152 | 1 042 | 22 194 |
| EIGENKAPITAL 30.06.2018 | 1 051 331 | 1 058 888 | 1 231 | 1 060 119 | 730 506 | 2 841 956 |

KONTANTSTRAUMANALYSE – SOGN OG FJORDANE ENERGI, KONSERN

| (Beløp i 1000 kr) | 30.06.18 | 30.06.17 | 31.12.2017 |
|--|-----------------|-----------------|-----------------|
| Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar: | | | |
| Ordinært resultat før skattekostnad | 196 281 | 189 230 | 365 367 |
| Betalte skattar i perioden | -155 708 | -220 112 | -208 990 |
| Avskrivningar | 80 704 | 76 345 | 156 165 |
| Nedskrivningar | 0 | 600 | -2 410 |
| Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av driftsmiddel og aksjar | -5 126 | -6 351 | -9 826 |
| Kostnad(+)/Inntekt (-) frå invest i tilknytta selskap utan kontanteffekt | 0 | -5 038 | -6 258 |
| Verdiendring finansielle anleggsmidlar utan kontanteffekt | 67 270 | 0 | -29 765 |
| Verdiendring energi-, rente- og valutakontrakter utan kontanteffekt | -5 314 | -19 134 | 9 794 |
| Endring i behaldning av driftsmateriell | 0 | 18 363 | -26 148 |
| Nedskrivning av aksjar | 0 | 0 | 0 |
| Endring i kundefordringar | -44 364 | -2 384 | -214 |
| Endring i leverandørgjeld | -16 807 | 18 738 | 19 306 |
| Endring i pensjonsforpliktingar | 0 | 0 | -3 413 |
| Endring i andre tidsavgreningspostar | -29 109 | -42 529 | -41 528 |
| NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR | 87 827 | 7 728 | 222 079 |
| Kontantstraum frå investeringsaktivitetar: | | | |
| Utbetalingar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel | -184 732 | -159 191 | -269 990 |
| Innbetalingar ved sal av varige driftsmidler | 0 | 9 701 | 26 440 |
| Utbetaling ved auke av langsiktig fordring | 0 | 0 | -17 098 |
| Kontantar innkonsolidering døtre | 0 | 0 | 0 |
| Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak | -25 767 | 0 | -5 918 |
| Utbetaling ved utlån | 0 | -277 | 0 |
| Innbetaling frå utlån | 826 | 318 | 646 |
| NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR | -209 673 | -149 449 | -265 920 |
| Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar: | | | |
| Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld | 500 000 | 60 000 | 300 000 |
| Innbetaling eigenkapital | 21 000 | 0 | 210 568 |
| Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld | -200 000 | -260 000 | -260 000 |
| Innbetaling ved opptak av ny kortsiktig gjeld | 0 | 500 000 | 0 |
| Utbetaling ved reduksjon av kortsiktig gjeld | -100 000 | -260 000 | -100 000 |
| Innbetaling av utbytte | 1 115 | 662 | 662 |
| Utbetaling av utbytte | 0 | 0 | -77 141 |
| NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR | 222 115 | 40 662 | 74 089 |
| Netto endring i kontantar og ekvivalentar | 100 269 | -101 059 | 30 248 |
| Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1 | 318 165 | 287 917 | 287 917 |
| Behaldning av kontantar og ekvivalentar 30.06/31.12 | 418 434 | 186 858 | 318 165 |

Notar til halvårsrekneskapen 30.06.2018

Rammeverk og vesentlege rekneskapsprinsipp

Konsernrekneskapet for Sogn og Fjordane Energi AS for 1.halvår 2018 er avslutta pr. 30.06.2018 og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) slik dei er godkjende av EU. Konsernrekneskapet omfattar Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) med datterselskap og tilknytta selskap. Halvårsrekneskapet er utarbeidd i samsvar med IAS 34 om delårsrapportering og vart vedtatt i selskapet sitt styre 30.august 2018. Revisor har gjennomført forenkla revisorkontroll av halvårsrekneskapet.

Selskapet er notert på Oslo Børs med obligasjonslån.

Delårsrekneskapet gir ikkje informasjon i same omfang som årsrekneskapet og må derfor sjåast i samanheng med konsernet sitt årsrekneskap for 2017. Frå 01.01.2018 har vi implementert IFRS 9 Finansielle instrument. Vi har venta med å implementere IFRS 15 Inntekter frå kundekontaktar på grunn av at fagmiljøa i Noreg har ulik tolking av korleis ein skal handtere monetære ytingar frå kundar knytt til infrastruktur. Kva løysing ein vel, vil ha vesentleg innverknad på inntektsføring i vår nettverksemde. Verknadane av standardane er nærmare omtalt i note 6.

Note 1 Segmentinformasjon

Segmentrekneskapet vert avgjort etter IFRS 8. Konsernet rapporterer driftssegmenter i samsvar med korleis konsernleiinga tek avgjelder, føl opp og evaluerer desse avgjerdene. Driftsresultatet i dei operative segmenta vert jamleg rapportert til konsernleiinga.

Konsernet si verksemde er organisert i ulike segment som eigne økonomiske einingar. Internt i konsernet rapporterer ein både på segment, underkonsern og på selskap.

Segmentet Energi omfattar selskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, SFE Kraft og Vestavind Energi AS. Svelgen Kraft Holding AS er eigd med 56 % av SFE Produksjon og inngår som ein del av SFE-konsernet. Svelgen Kraft Holding AS eig 100 % av aksjane i Svelgen Kraft AS, Vestavind Energi AS, Bremangerlandet Vindpark AS og Lutelandet Energipark AS.

Segmentet Energi omfattar forvaltning av konsernet sin samla produksjons-portefølge frå heileigde, deleigde og leigde kraftverk med fysisk krafthandel på Nordpool Spot og finansiell krafthandel på Nasdaq OMX Commodities. Segmentet omfattar også sal av kraft til sluttbrukar og forvaltning av større sluttbrukarar sitt kraftbehov samt mindre mengder kjøp og sal av kraft engros gjennom bilaterale avtaler. I tillegg har vi noko tradingverksemde innanfor definerte rammer, samt sal av opprinnelsesgarantiar.

Nettverksemda si hovedverksemde er overføring og distribusjon av elkraft. Selskapet driv elles utleige av fiber og noko entreprenørarbeid.

Tenesteyting er selskapet Sogn og Fjordane Energi AS saman med dei tre heileigde datterselskapa Trolleskjæret Næringsbygg AS, Energilab Sogn og Fjordane AS og Flikk

AS frå 08.desember 2017. Sogn og Fjordane Energi er mor-selskapet i konsernet og yter hovudsakleg tenester internt i konsernet.

Kolonna for eliminering viser eliminering av interne transaksjonar mellom segmenta ved konsolidering i konsern.

| SEGMENTRESULTAT 30.06.2018 | | | | | | |
|--|----------------|---------------------|---------------------|--------------------|----------------|--|
| (Tal i 1000 kr) | Energi | Nettverksemd | Tenesteyting | Eliminering | Konsern | |
| Driftsinntekter: | | | | | | |
| Sal av kraft | 582 296 | 2 340 | 0 | -13 064 | 571 572 | |
| Verdiendring energikontrakter | -77 080 | 0 | 0 | 0 | -77 080 | |
| Sal av overføringstenester | 0 | 215 462 | 0 | -8 384 | 207 078 | |
| Andre driftsinntekter | 15 511 | 36 911 | 33 831 | -37 303 | 48 950 | |
| SUM DRIFTSINNTEKTER | 520 727 | 254 713 | 33 831 | -58 751 | 750 519 | |
| Driftskostnader: | | | | | | |
| Kjøp av kraft | 234 198 | 10 902 | 0 | -10 793 | 234 307 | |
| Kjøp av overføringstenester | 14 401 | 30 413 | 0 | -14 219 | 30 595 | |
| Løn og sos. kostn. | 31 898 | 60 803 | 20 342 | 0 | 113 043 | |
| Aktivering av eigne tilvirkta driftsmiddel | -7 423 | -27 138 | 0 | 0 | -34 561 | |
| Avskrivningar | 37 508 | 39 372 | 3 824 | 0 | 80 704 | |
| Nedskrivningar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Eigedomsskatt/avgifter | 25 399 | 3 915 | 147 | 0 | 29 461 | |
| Andre driftskostnader | 42 991 | 54 598 | 15 076 | -33 739 | 78 926 | |
| SUM DRIFTSKOSTNADER | 378 972 | 172 865 | 39 389 | -58 751 | 532 474 | |
| DRIFTSRESULTAT | 141 755 | 81 848 | -5 558 | 0 | 218 046 | |
| Inntekt inv. i tilknytta selskap | 766 | 40 | 3 251 | 0 | 4 057 | |
| Netto finanspostar | 19 099 | 8 653 | 1 139 | 0 | 28 890 | |
| Verdiendring derivater | -3 069 | 0 | 0 | 0 | -3 069 | |
| Resultat før skatt | 126 491 | 73 235 | -3 446 | 0 | 196 282 | |
| Skattekostnad | 85 669 | 19 030 | -961 | 0 | 103 739 | |
| Resultat etter skatt | 40 822 | 54 205 | -2 485 | 0 | 92 542 | |

| SEGMENTRESULTAT 30.06.2017 | | | | | | |
|---|----------------|----------------------|---------------------|--------------------|----------------|--|
| (Tal i 1000 kr) | Energi | Nettverksemnd | Tenesteyting | Eliminering | Konsern | |
| Driftsinntekter: | | | | | | |
| Sal av kraft | 562 929 | 0 | 0 | -135 554 | 427 375 | |
| Verdiendring energikontrakter | 10 807 | 0 | 0 | 0 | 10 807 | |
| Sal av overføringstenester | 0 | 195 360 | 0 | -10 140 | 185 220 | |
| Andre driftsinntekter | 5 704 | 25 743 | 35 066 | -38 585 | 27 928 | |
| SUM DRIFTSINNTEKTER | 579 400 | 221 103 | 35 066 | -184 279 | 651 331 | |
| Driftskostnader: | | | | | | |
| Kjøp av kraft | 281 117 | 9 428 | 0 | -136 095 | 154 450 | |
| Kjøp av overføringstenester | 15 065 | 25 788 | 0 | -9 598 | 31 255 | |
| Løn og sos. kostn. | 32 183 | 57 869 | 20 169 | 0 | 110 221 | |
| Aktivering av eigne tilvirka driftsmiddel | -11 167 | -25 488 | 0 | 0 | -36 655 | |
| Avskrivningar | 38 676 | 34 635 | 3 035 | 0 | 76 345 | |
| Nedskrivningar | 600 | 0 | 0 | 0 | 600 | |
| Eigedomsskatt/avgifter | 25 756 | 3 710 | 143 | 0 | 29 609 | |
| Andre driftskostnader | 44 206 | 54 114 | 11 343 | -38 585 | 71 078 | |
| SUM DRIFTSKOSTNADER | 426 436 | 160 056 | 34 690 | -184 278 | 436 903 | |
| DRIFTSRESULTAT | 153 004 | 61 047 | 376 | 0 | 214 427 | |
| Inntekt inv. i tilknytta selskap | 846 | 246 | 3 284 | 0 | 4 376 | |
| Netto finanspostar | -18 511 | -8 271 | -4 274 | 0 | -31 056 | |
| Verdiendring derivater | 0 | 0 | 1 482 | 0 | 1 482 | |
| Resultat før skatt | 135 339 | 53 022 | 868 | 0 | 189 229 | |
| Skattekostnad | 76 936 | 12 726 | -609 | 0 | 89 053 | |
| Resultat etter skatt | 58 403 | 40 296 | 1 477 | 0 | 100 176 | |

| SEGMENTRESULTAT 2017 | | | | | |
|--|------------------|---------------------|---------------------|--------------------|------------------|
| (Tal i 1000 kr) | Energi | Nettverksemd | Tenesteyting | Eliminering | Konsern |
| Driftsinntekter: | | | | | |
| Sal av kraft | 1 091 524 | 0 | 0 | -230 043 | 861 481 |
| Verdiendring energikontrakter | 16 558 | 0 | 0 | 0 | 16 558 |
| Sal av overføringstenester | 0 | 363 027 | 0 | -24 545 | 338 482 |
| Andre driftsinntekter | 78 274 | 61 501 | 71 041 | -140 107 | 70 709 |
| SUM DRIFTSINNTEKTER | 1 186 356 | 424 528 | 71 041 | -394 685 | 1 287 229 |
| Driftskostnader: | | | | | |
| Kjøp av kraft | 524 036 | 18 023 | 0 | -230 862 | 311 197 |
| Kjøp av overføringstenester | 35 148 | 57 454 | 0 | -36 429 | 56 173 |
| Løn og sos. kostn. | 67 207 | 120 575 | 41 888 | 0 | 229 670 |
| Aktivering av eigne tilvirkna driftsmiddel | -17 267 | -49 360 | 0 | 0 | -66 627 |
| Avskrivningar | 80 811 | 69 189 | 6 073 | 0 | 156 071 |
| Nedskrivningar | -2 410 | 0 | 0 | 0 | -2 410 |
| Eigedomsskatt/avgifter | 49 674 | 7 440 | 277 | 0 | 57 391 |
| Andre driftskostnader | 164 091 | 107 745 | 22 419 | -127 404 | 166 852 |
| SUM DRIFTSKOSTNADER | 901 290 | 331 066 | 70 657 | -394 695 | 908 316 |
| DRIFTSRESULTAT | 285 066 | 93 462 | 384 | 0 | 378 913 |
| Inntekt inv. i tilknytta selskap | 4 208 | 246 | 4 709 | 0 | 9 163 |
| Netto finanspostar | -8 931 | -12 016 | -5 456 | 0 | -26 403 |
| Verdiendring derivater | 3 693 | 0 | 0 | 0 | 3 693 |
| Resultat før skatt | 284 036 | 81 692 | -363 | 0 | 365 367 |
| Skattekostnad | 160 967 | 12 340 | -1 302 | 0 | 172 005 |
| Resultat etter skatt | 123 069 | 69 352 | 939 | 0 | 193 363 |

| Note 2 Spesifikasjon av urealiserte verdiendringar | | | |
|--|-------------------|-------------------|-------------|
| (Tal i 1000 kr) | 30.06.2018 | 30.06.2017 | 2017 |
| Sal av kraft , herav urealiserte verdiendringar kraftkontrakter | -77 081 | 10 807 | 16 558 |
| Finansinntekter , herav inntekt på investering i tilknytt selskap | 1 366 | 63 | 218 |
| Finanskostnader , herav urealiserte verdiendringar på rentekontrakter | -3 069 | -1 482 | -3 693 |

Vurdering av verkeleg verdi:

Nivå 1: Notert pris i ein aktiv marknad for ein identisk eigedel eller forplikting.

Nivå 2: Verdsetting etter andre observerbare faktorar enten direkte (pris) eller indirekte (utleda av prisar) enn notert pris for eigedelen eller forpliktinga.

Nivå 3: Verdsetting etter faktorar som ikkje er henta frå observerbare marknader (ikkje observerbare føresetnader).

Finansielle kraftkontrakter:

Nivå 1: Verdien av Nasdaq OMX-kontraktene vert henta frå Nasdaq OMX sine eigne lister

Nivå 2: Verdien av bilaterale kraftkontrakter vert berekna på grunnlag av marknadspriskurva hos Nord Pool (systempris) dei nærmaste åra og deretter på eigne

prisestimat basert på input frå ulike aktørar i kraftmarknaden samt avtalte kraftvolum og prisar. Europrisane på kraft vert omrekna til norske kroner.

Omrekningskursen/terminkursen for EURNOK vert berekna på grunnlag av EURNOK spotkurs og marknadsrentekurvene for høvesvis norske renter og eurorenter.

Aksjar:

Nivå 3: Investeringar i unoterte aksjar måler vi til kjøpskost, siste emisjonskurs eller vårdel av eigenkapitalen i selskapet.

Rentebytteavtaler:

Nivå 2: Verkeleg verdi av rentebytteavtaler bereknast ut frå framtidig rentekurve.

Verkeleg verdi av finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad vert fastsatt ut frå verdsettingsmetodar. Desse verdsettingsmetodane maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og er minst mogleg bygd på konsernet sine eigne estimat.

Valutaderivat:

Nivå 2: SFE sel euro gjennom terminkontrakter. Verdien på terminkontraktene blir berekna på grunnlag av berekna terminkurs for EURNOK, løpetid for kontrakta og avtalt valutabeløp. Terminkursen blir berekna ut frå spotkursen på verdsettingstidspunktet og marknadsrentekurvene for hhv norske renter og eurorenter (dekka renteparitet).

Frikraftforpliktingar:

Nivå 3: Verkeleg verdi er fastsatt ut frå neddiskonerte framtidige kontantstraumar der føresetnadane er basert på observerbare data der det er tilgjengeleg og er elles bygd på konsernet sine eigne estimat.

Avsetning mogleg kjøpskostnad Østerbø kraftverk:

Nivå 2: BKK har opsjon på å selje sin del av prosjektet til SFE. Pr. 31.12.2017 har SFE balanseført 100 % av utbyggingskostnaden knytt til Østerbø kraftverk som anlegg i arbeid og balanseført ei forplikting for forventa vederlag til BKK om dei vel å nytte sin salsopsjon, jmf. kapittel om avsetningar i prinsippnote og spesifikasjon i note 17.

Renteberande langsiktig gjeld:

Nivå 2: Obligasjonslån som er sikra til verkeleg verdi ved bruk av rentebytteavtalar der verkeleg verdi på sikra lån blir rekneskapsført under obligasjonslån. Motpost er verkeleg verdi på rentebytteavtalar som er rekneskapsført under derivat.

| Eigedelar | Nivå 1 | Nivå 2 | Nivå 3 | SUM |
|---|---------------|----------------|----------------|----------------|
| Finansielle kraftkontrakter - heldt for sal | 1 472 | 10 400 | | 11 873 |
| Finansielle kraftkontrakter - kundar sin posisjon | 20 571 | | | 20 571 |
| Aksjar | | | 48 696 | 48 696 |
| Rentebytteavtaler - heldt for sal | | | | - |
| Rentebytteavtaler - kontantstrømsikring | | | | - |
| Rentebytteavtaler - verdisikring | | 7 761 | | 7 761 |
| Valutasikring - kontantstraumsikring | | - | | - |
| Sum finansielle eigedelar til verkeleg verdi | 22 043 | 18 161 | 48 696 | 88 901 |
| Forpliktingar | Nivå 1 | Nivå 2 | Nivå 3 | SUM |
| Finansielle kraftkontrakter - heldt for sal | 88 655 | 117 | | 88 771 |
| Finansielle kraftkontrakter - kundar sin posisjon | 4 846 | | | 4 846 |
| Frikraftforpliktingar | | | 114 837 | 114 837 |
| Avsetning mogleg kjøpskostnad Østerbø kraftverk | | 101 943 | | 101 943 |
| Renteberande langsiktig gjeld | | 92 239 | | 92 239 |
| Rentebytteavtaler - verkeleg verdi | | 5 098 | | 5 098 |
| Rentebytteavtaler - kontantstrømsikring | | 2 694 | | 2 694 |
| Rentebytteavtaler - verdisikring | | | | - |
| Valutasikring - kontantstraumsikring | | 4 128 | | 4 128 |
| Sum finansielle forpliktingar til verkeleg verdi | 93 501 | 206 219 | 114 837 | 414 557 |

Note 3 Aktivitet i SFE-papir i første halvår 2018

Nye sertifikat-/obligasjonslån som er utstedt i perioden:

| Børsticker (Oslo Børs) | ISIN | Utstedt | Forfall | Pålydende (mill kr) |
|------------------------|--------------|----------|----------|---------------------|
| | NO0010822984 | 23.05.18 | 23.05.25 | 300 |
| | NO0010822992 | 23.05.18 | 23.05.28 | 200 |

Innfridde sertifikat-/obligasjonslån i perioden:

| Børsticker (ABM) | ISIN | Utstedt | Forfall | Pålydende (mill kr) |
|------------------|--------------|----------|----------|---------------------|
| | NO0010795362 | 24.05.17 | 24.05.18 | 100 |
| SFEN23 PRO | NO0010610017 | 23.05.11 | 23.05.18 | 200 |

Note 4 Risikoforhold

SFE er utsett for ei mengde ulike risiki gjennom si verksemd. Dette gjeld både finansielle og operasjonelle risiki. Døme på operasjonelle risiki er skade på egedelar som kraftverk og nettanlegg. Det er etablert forsikringsordningar som dekker skade på egedelar, tapt produksjon og skade på liv og eigedom i samband med t.d. brann, flom eller oversvømmelsar etter dambrot. Når det gjeld finansielle risiki som endringar i kraftpris, valutakursar og renter er det etablert strategiar for å kontrollere desse risikoforholda.

Den hydrologiske balansen (vassmagasin, grunnvatn og snø) i Norge og Sverige har forverra seg betydeleg sidan inngongen til året. Frå eit estimert overskot på ca. 5 TWh (i høve til eit normalår) ved inngongen til 2018, ligg balansen no medio august på minus 25 TWh. Dette skuldast i hovudsak låg snøakkumulering på etterjulswinteren samt ein betydeleg varmare og tørrare sommar enn normalt. I tillegg har låg vindkraftproduksjon på kontinentet samt høge CO₂- og kolprisar ført til så høge spotprisar gjennom sommaren som vi ikkje har sett sidan vinteren 2010/2011. Spotprisen i vårt prisområde har til no i år lege like i underkant av 40 øre/kWh medan forventninga fram mot årsskiftet er om lag 45 øre/kWh (gjennomsnittsprisar).

For ytterliggare informasjon om risikoforhold SFE er utsett for viser vi til note 3 i årsrekneskapen for 2017.

Note 5 Pensjonskostnader- og forpliktingar

SFE og dotterselskapa har to parallelle pensjonsordningar som oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon og samsvarande tariffesta AFP-ordningar. Det er ein offentleg, kollektiv pensjonsordning (ytelsesplan) for personar som vart tilsett før 01.04.2016. Tilsette etter 01.04.2016 og tidligare tilsette som valde det innan 01. oktober 2016, har tenestepensjon med innskotsordning.

Den kollektive pensjonsordninga er ei bruttoordning tilsvarande offentlege ordningar. Den gir dei tilsette ein bestemt framtidig pensjonsytelse basert på talet på oppteningsår og lønsnivået ved pensjonsalder.

Ved berekning av pensjonsforplikting er det nytta ei diskonteringsrente på 2,35 %. Det er uendra frå 31.12.2017. Oppdatert informasjon om rentemarknaden viser at rentenivået har auka sidan årsskiftet, men ikkje i ei slik grad at det påverkar vår pensjonskostnad- og forplikting vesentleg.

Det er utarbeidd sensitivitetsanalyse som viser konsekvensane for pensjonskostnader og -forpliktingar ved endra diskonteringsrente. Resultatet er presentert i tabellen under. Endringa i kostnad gjeld pensjonskostnad i 2017 medan endring i forplikting gjeld pr. 30.06.2018.

| SFE | Endring diskonteringsrente | |
|---|---------------------------------------|-------------|
| Sensitivitetsanalyse (tall i 1000 kr.) | 1 % | -1 % |
| Endring kostnad | -3 193 | 4 402 |
| Endring forplikting | -85 261 | 113 157 |

For ytterliggare informasjon om pensjonskostnad- og forplikting for SFE viser vi til note 19 i årsrekneskapen for 2017.

Note 6 Nye standardar med verknad frå 01.01.2018.

IFRS 9 Finansielle instrument

Det er ikkje noko vesentlege effekt av implementeringa av IFRS 9.

IFRS 15 Inntekter frå kundekontrakter

IFRS 15 er ein ny felles standard for inntektsføring. IFRS 15 Inntekter frå kundekontrakter erstattar alle eksisterande standardar og fortolkningar for inntektsføring. Hovudprinsippet for IFRS 15 er at inntekter vert rekneskapsført når ein kunde oppnår kontroll over ei vare eller ei teneste og kunden dermed har moglegheit til å bestemme bruken av og kan motta fordelane frå vara eller tenesta.

SFE si nettverksemeld mottek monetære ytingar frå kundar knytt til infrastruktur. Då IFRS 15 erstatter IAS 18 og IFRIC 18 har vi vurdert om slike monetære ytingar:

- skal rekneskapsførast som ein reduksjon av investering
- som ein kostnadsreduksjon
- som omsetning, enten på faktureringsdato eller som omsetning periodisert over tid.

Vår vurdering er at dette truleg er omsetning som skal periodiserast over tid. Dei monetære ytingane vi mottek er knytt til spesifikke anleggsmiddel og vi legg til grunn at inntekta vi mottek i så tilfelle skal periodiserast over anlegga si levetid.

Vi ser at ein kan tolke IFRS 15 ulikt på dette punktet og førebels er det uklart kva som vil bli bransjestandard med omsyn til handsaming av anleggstilskot. Vi vil følgje dei faglege utgreiingane av IFRS 15 nøye. Sidan vi reknar med at dette vil avklarast i løpet av kort tid, ventar vi med å implementere IFRS 15 inntil vi veit meir om kva tilrådingane og bransjepraksis vert.

I tabell under er den rekneskapsmessige verknaden på inntekta vist ved dagens praksis og ved forventa endra praksis.

| Beløp i 1.000 kr. | | 30.06.18 | 2017 | 2016 |
|---|--|----------|--------|--------|
| Dagens praksis | Inntektsføring av monetære ytingar | 25 916 | 34 284 | 32 894 |
| Periodisering av inntekt over tid | Årleg inntektsføring av monetære ytingar | 864 | 1 143 | 1 096 |
| Reduksjon av investeringsutgift for eigedelen | Redusert balanseført beløp som anleggsmiddel | 25 916 | 34 284 | 32 894 |

Ved implementering vil praksis der ein periodiserar inntekta over tid ha slik verknad på eigenkapitalen 01.01.2018:

| Eigenkapital | Endring i utsett skatt | Utsatt inntekt |
|--------------|------------------------|----------------|
| -70 134 | -20 949 | 91 083 |

Note 7 Standarder, endringar og fortolkningar til eksisterande standarder som ikkje er trådt i kraft og der konsernet har valt å ikkje ta dei i bruk ved halvårsrapporteringa for 2018.

IFRS 16 Leigeavtaler

IFRS 16 gir prinsipp for innrekning, måling, presentasjon og noteopplysningar for leigeavtaler. Standarden krev at leigetakar balansefører egedelar og gjeld for dei fleste typar leigeavtaler. Standarden vil gjelde frå 01.januar 2019.

SFE har kartlagt alle sentrale avtaler og gjort ei førebels vurdering av dei rekneskapsmessige effektane av IFRS 16. Standarden medfører at SFE må balanseføre nokre fleire egedelar enn i dag. Vi estimerer at vi må balanseføre 15-25 MNOK meir som anleggsmiddel enn pr. 31.12.2017 derav noko under halvparten av dette som immaterielle egedelar. Estimatet er gjort på ei førebels vurdering og kan endre seg innan 01.01.2019, sjå elles note 2 i årsrekneskapet for 2017 for meir utfyllande informasjon.

Note 8 Anna informasjon

Fusjon mellom SFE Kraft AS og Sunnfjord Energi Kraft AS den 01.01.2018:

Frå 01.01.2018 er Sunnfjord Energi AS eigar av 34% av aksjane i SFE Kraft AS etter ein fusjon med Sunnfjord Energi Kraft AS. Fusjonen vart gjennomført med rekneskapsmessig verknad frå 01. januar 2018. Sunnfjord Energi AS har ein rett til å selje aksjane til SFE, og SFE har ein rett til å kjøpe Sunnfjord Energi AS sine aksjar i SFE Kraft innan 24 mnd etter at fusjonen er registrert i Brønnøysund. Sunnfjord Energi AS kan terminere opsjonsavtalane ved å melde dette seinast 12 mnd etter at fusjonen er registrert. Eventuelt transaksjonsbeløp vil ikkje overstige SFE si grense for vesentlegheit på 50 MNOK.

Opsjon Østerbø kraftverk:

SFE Produksjon AS har inngått avtale med BKK AS om utbygging og drift av Østerbø Kraftverk. SFE skal eige 58 % av kraftverket og BKK 42 %. Våren 2017 starta ein på bygginga av kraftverket og kraftverket skal stå ferdig i løpet av 2020. Kraftverket vil levere ein årleg middelproduksjon på 165 GWh.

Fram til utbygginga er gjennomført og inntil 6 månader etter overlevering av kraftverket til driftsorganisasjonen, har BKK ein rett til å tre ut av samarbeidsprosjektet ved at SFE overtek BKK sin 42% eigardel med alle tilhøyrande rettar og plikter. Som følgje av denne salsopsjonen har SFE 30.06.2018 balanseført 100 % av utbyggingskostnaden knytt til Østerbø kraftverk som anlegg i arbeid og balanseført ei forplikting for forventa vederlag til BKK om dei vel å nytte sin salsopsjon, jmf. kapittel om avsetningar i prinsippnote i årsrekneskapet for 2017.

Deltaking i Jølstra kraftverk:

SFE Produksjon AS har inngått avtale med Sunnfjord Energi AS (SE) om utbygging og drift av Jølstra Kraftverk. SFE og SE skal eige 50 % kvar av kraftverket. Tidleg i andre halvår 2018 vil ein starte på bygginga av kraftverket og kraftverket skal stå ferdig i løpet av 2020. Kraftverket vil levere ein årleg middelproduksjon på 233 GWh og er kostnadsrekna til 700 MNOK. Selskapet Jølstra Kraft DA vil bli stifta tidleg haust 2018 og overtek frå SE frå stiftingsdato prosjektet Jølstra kraftverk og Stakaldefossen kraftstasjon. Stakaldefossen kraftstasjon har ein årleg middelproduksjon på 60 GWh. Produksjonen i Stakaldefossen kraftstasjon vert redusert til ca. 30 GWh i løpet av utbygging av Jølstra kraftverk.

Skattesak Svelgen Kraft Holding AS (SKH):

30.mars 2017 mottok Svelgen Kraft Holding (SKH) vedtak frå skatteetaten om endra likning for 2010. Auke i skattekostnad på 21,7 MNOK vart rekneskapsført i 2015 og betalt i 2017. Saka var oppe for Sogn og Fjordane Tingrett 9. og 10 april i år. Det kom dom i saka 16. april. SKH tapte saka i Tingretten. Saka er anka inn for Lagmannsretten og vil bli ført for retten i november 2018.

Frittståande teikningsrettar:

Generalforsamlinga i SFE vedtok i møte 26.06.2017 å utstede frittståande teikningsrettar som kan nyttast til og med den 26.06.2020. Maksimal auke av aksjekapitalen som følgje av bruk av teikningsrettane er 56,913 MNOK. I tillegg kjem overkurs. Vert alle teikningsrettane nytta, er SFE sin samla tilførsel av eigenkapital på 350 MNOK. I 2017 medførte bruk av teikningsrettane ein samla tilførsel av eigenkapital på 210,5 MNOK, herav 34,2 MNOK som

aksjekapital og 176,3 MNOK som overkurs. Neste tidspunkt for teikning var i perioden 21. juni til og med 05. juli 2018 der ytterligare 1,3% av teikningsrettane vart nytta. Bruk av teikningsrettar i 2018 vil medføre tilførsel av eigenkapital på 4,9 MNOK.

Strukturutgreiingar der SFE er involvert:

SFE er involvert i fleire pågåande strukturprosessar. For å møte endringane i energisektoren og stå best rusta for framtida har SFE drøftingar om fusjon med Sunnfjord Energi. Denne prosessen tek noko tid mellom anna fordi Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt eigarskap i SFE gjennom det heileigde holdingselskapet Sogn og Fjordane Holding AS etter gjennomført regionsreform 01.01.2020 er uavklart. Truleg vert det først teke stilling til fusjonsplanane mellom Sunnfjord Energi AS og SFE etter at Sogn og Fjordane Holding AS sitt framtidige eigarskap i SFE er avklart. Ein rapport om mogleg omdanning av produksjonsverksemda i BKK og SFE og delar av Hydro til eit selskap med delt ansvar (DA) vart lagt fram 15. august 2017. I løpet av hausten vert det avklart om dette utgreiingsarbeid skal vidareførast.


Erklæring frå styret og konsernsjef

Styret og konsernsjef har i dag handsama rekneskapet for 1. halvår 2018 for Sogn og Fjordane Energi AS, konsern.

Vi erklærer etter vår beste overtyding at:

- konsernrekneskapen pr. 30.06.2018 er utarbeida i samsvar med IAS 34 – Delårsrapportering og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) fastsett av EU, med krav til tilleggsopplysningar som føl av rekneskapslova, samt at
- rekneskapsopplysningane gjer ein rettvisande og heilskapleg oversikt av selskapet og konsernet sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling samt at
- rekneskapen for 1. halvår 2018 gir ein rettvisande oversikt over
 - utviklinga og resultatet til konsernet samt dei mest sentrale risiko- og usikkerheitfaktorar konsernet er eksponert for

Sandane, 30.08.2018


Per Atle Kjøllesdal
- styreleiar-
Ketil Konglevoll
- nestlediar-
Arvid Lillehaugen
-styremedlem-
Olin Johanne Henden
-styremedlem-
Anne Marit Steen
-styremedlem-
Jan Helge Dale
-styremedlem-
Kjartan Skår
- styremedlem-
Kjell Asle Bakkebø
-styremedlem-
Geir Magne Enevold
-styremedlem-
Johannes Raubøe
-konsernsjef-

Til Styret i Sogn og Fjordane Energi AS

UTTALELSE VEDRØRENDE FORENKLET REVISORKONTROLL AV DELÅRSREGNSKAP

Innledning

Vi har foretatt en forenklet revisorkontroll av vedlagte konsoliderte balanse for Sogn og Fjordane Energi AS pr. 30. juni 2018 og tilhørende konsoliderte resultatregnskap, utvidet resultatregnskap, oppstilling over endringer i egenkapital og kontantstrømoppstilling for seksmånedersperioden avsluttet denne dato, og av beskrivelsen av regnskapsprinsipper og andre noter. Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av delårsregnskapet og at det gir et rettviseende bilde i samsvar med IAS 34 Delårsrapportering. Vår oppgave er å avgje en uttalelse om delårsregnskapet basert på vår forenklede revisorkontroll.

Omfangen av den forenklede revisorkontrollen

Vi har utført vår forenklede revisorkontroll i samsvar med ISRE 2410 *Forenklet revisorkontroll av et delårsregnskap, utført av foretakets valgte revisor*. En forenklet revisorkontroll av delårsregnskapet består i å rette førespørslar, primært til personer med ansvar for økonomi og regnskap, og å gjennomføre analytiske og andre kontrollhandlinger. En forenklet revisorkontroll har et betydelig mindre omfang enn en revisjon utført i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene), og gjør oss følgelig ikke i stand til å oppnå sikkerhet om at vi er blitt oppmerksomme på alle vesentlige forhold som kunne ha blitt avdekket i en revisjon. Vi avgir derfor ikke revisjonsberetning.

Konklusjon

Vi har ved vår forenklede revisorkontroll ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at det vedlagte konsoliderte delårsregnskapet ikke gir et rettviseende bilde av foretakets finansielle stilling per. 30. juni 2018 og for resultatet og kontantstrømmene i seksmånedersperioden, i samsvar med IAS 34 Delårsrapportering.

Bergen, 30. august 2018
Deloitte


Helge Roald Johnsen
Statsautorisert revisor